



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Rundskriv

Fylkesmannen – alle
Valdres natur- og kulturpark
Regionråd Nord-Gudbrandsdal
Innovasjon Norge
Innovasjon Norge- styra i fylka
Statens landbruksforvaltning
Fylkeskommunane
Kommunane

Nr.
M-1/2011

Vår ref
201100138-/SLO

Dato
17.2.2011

Rundskriv næringsutvikling 2011, erstattar Rundskriv M-2/2010

**MIDLAR TIL BYGDEUTVIKLING 2011- LØYVING PÅ FYLKESNIVÅ
MIDLAR TIL FRUKT- OG BÆRPRODUKSJON-REISELIV OG
KULTURLANDSKAP PÅ VESTLANDET
MIDLAR TIL PROSJEKTET MAT LANGS NASJONALE TURISTVEIER
MIDLAR TIL OPPFØLGING AV TILTAK I REGIONALE HANDLINGSPROGRAM
FOR ØKOLOGISK LANDBRUK 2011- TILDELING PÅ FYLKESNIVÅ**

Vi syner til følgjande dokument for innretning på næringsutviklingsarbeidet i 2011:

- ✓ Landbruks- og matdepartementets strategi for næringsutvikling 2007 – 2009, ”Ta landet i bruk!”.
- ✓ Landbruks- og matdepartementets strategi for forskning og forskningsbasert innovasjon 2007 - 2012.
- ✓ Landbruks- og matdepartementets matpolitiske strategi 2008-2010, ”Smaken av Norge”.
- ✓ Landbruks- og matdepartementets handlingsplan for å nå målet om 15 pst. økologisk produksjon og forbruk ”Økonomisk, agronomisk – økologisk!”
- ✓ Stortingsmelding nr. 39 (2008-2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen.
- ✓ Oppdragsbrev for 2011 frå Landbruks- og matdepartementet til Innovasjon Norge, av 1.2.2011.
- ✓ Fullmaktsbrev 2011 frå Landbruks- og matdepartementet til fylkesmennene over kap 1144 post 77 av 3.1.2011.
- ✓ Tilskotsbrev til fylkeskommunane for 2011 på landbruks- og matområdet av 20.1.2011
- ✓ Tildelingsbrev for 2011, frå Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet til

- ✓ fylkesmennene.
- ✓ Elektronisk embetsoppdrag for 2011 frå Landbruks- og matdepartementet til fylkesmennene

1 OVERORDNA STRATEGIAR

1.1 Landbruks- og matdepartementet sin strategi for næringsutvikling, ”Ta landet i bruk!”

Landbruks- og matdepartementet sin strategi for næringsutvikling, ”Ta landet i bruk!”, er eit rammeverk for alle typar lønnsam næringsverksemd med utgangspunkt i garden sine menneskelege og materielle ressursar, og skal byggje opp under hovudmålet for landbrukspolitikken. Strategien omfattar hovudområda mat, økologisk matproduksjon og matforbruk, trevirke, bioenergi, reiseliv og opplevingsproduksjon, Inn på tunet, og anna grøn vare- og tenesteproduksjon.

Målet for landbruksrelatert næringsutvikling er å skape lønsame arbeidsplassar og å bidra til busetjing og sysselsetjing i heile landet. Landbrukspolitikken generelt og den landbruksrelaterte næringsutviklinga spesielt, skal vere eit verktøy for å nå distriktpolitiske målsetjingar.

Det er ein føresetnad at investeringsverkemidla i landbruket vert fordelt på ein slik måte at dei bidreg til ein variert bruksstruktur i heile landet.

Departementet syner elles til oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet til Innovasjon Norge.

1.2 Regionale strategiar for landbruksrelatert næringsutvikling

Fylkeskommunane si nye rolle på landbruks- og matområdet ber med seg at samarbeidet i dei regionale partnarskapa framover må vidareutviklast slik at lokale og regionale myndigheiter står saman om gjennomføringa av dei regionale næringsstrategiane. Dette er viktig for å sikre ei heilskapleg satsing på næringsutvikling i fylket framover, irekna sikre ei god kopling mot fylkesplanlegginga i regi av fylkeskommunane. I samband med fylkeskommunane sitt ansvar for midlar til rekruttering, likestilling og kompetanseheving legg departementet til grunn at ansvarsområdet er forankra i regional strategi for landbruksbasert næringsutvikling.

1.2.1 Ansvarsdeling mellom regionalt og nasjonalt nivå

Departementet legg til grunn at landbruksrelatert næringsutvikling i størst mogleg grad skal forankrast regionalt, basert på dei nasjonale prioriteringane og rammene. I samsvar med departementet sin strategi for næringsutvikling, vert det lagt til grunn følgjande ansvarsdeling mellom regionalt og nasjonalt nivå:

a) sentralt nivå skal:

- følgje opp mål- og resultatoppnåinga nasjonalt
- bidra til samarbeid mellom regionale aktørar om oppgåver av nasjonal karakter, og sikre samhandling på tvers av fylkesgrensene
- etablere nasjonale ambisjonar, strategiar og føringar for næringsutvikling innan prioriterte verdikjeder, basert på nasjonale og internasjonale rammevilkår
- etablere og følgje opp nasjonale arenaer der myndigheiter, verkemiddelapparat og næring kan vidareutvikle felles ambisjonar for næringsutvikling

- initiere og styre prosjekt av overordna/nasjonale karakter
- sikre samband og heilskap i den nasjonale og regionale satsinga
- sikre tverrfaglegheit og forankring på tvers av departementa
- utvikle eit målretta og velfungerande verkemiddelapparat

b) regionalt nivå skal:

- i tråd med nasjonale rammer og med basis i regionale utfordringar og moglegheiter, arbeide for landbruksrelatert næringsutvikling i sin region
- støtte opp under bedrifter og næringsorganisasjonar sitt arbeid med planlegging, gjennomføring og oppfølging av næringsutviklingsarbeidet
- syte for at kommunesektoren vert trekt med og ansvarleggjort på ein føremålsteneleg måte, irekna sjå koplingar mot andre sektorområde
- fremje forslag om nasjonale satsingar mot sentralt nivå

Innanfor dei hovudområda som femnar den nasjonale strategien, er det definert kva delstrategiar som skal gjennomførast sentralt og regionalt. For strategiar der gjennomføringsansvar er lagt til regionalt nivå, bør det regionale partnerskapet med utgangspunkt i regionale tilhøve, gjere ei prioritering.

For strategiar der ansvaret er lagt til sentralt nivå, bør i fyrste rekke slike initiativ skje sentralt, eller i eit samarbeid på tvers av fleire fylker.

2 BYGDEUTVIKLINGSMIDLA

BU-midla er det viktigaste økonomiske verkemiddelet til Landbruks- og matdepartementet for å nå målet om næringsutvikling i og i samband til landbruket. Her spelar Fylkesmannen, Innovasjon Norge, fylkeskommunane og kommunane ei særskilt viktig rolle, kvar for seg - og ikkje minst i samarbeid.

Målet med BU-midla er å legge til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping, samt desentralisert busetnad med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedomen spesielt.

Landbruks- og matdepartementet si forskrift om midlar til bygdeutvikling skal leggjast til grunn for forvaltninga av dei tildelte midlane.

Prop. 133 S (2009-2010) Om jordbruksoppgjeret 2010 fastset følgjande fordeling av BU-midla for 2011 (mill. kroner):

Føremål	mill. kr
Tilskotsmidlar	444,5
Låneramme som grunnlag for rentestøtte	1000

Ramma for fylkesvise BU-midlar har auka med 26,5 mill. kroner i 2010. Delen av midlane som skal nyttast til utgreiings- og tilretteleggingstiltak er noko redusert. 384,5 mill. kroner er øyremerka bedriftsretta midlar. Desse rammene er fordelt på fylka som vist i tabellen under.

St.meld. nr. 39 (2008-2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* peikar på at ulike tiltak i landbrukssektoren kan gje store positive klimabidrag. Samstundes kan dette gje nye, og auka moglegheiter for næringsutvikling og verdiskaping. Som døme på dette kan det

nemnast mellom anna auka utbygging av fornybar energi, irekna bioenergi, biogass, småkraft og vidareutvikle eit aktivt skogbruk. Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at støtte frå dei fylkesvise BU-midla vert sett i samband med korleis desse kan bidra både til næringsutvikling og auka verdiskaping, samstundes som tiltaka gjev positive klimabidrag.

I handlingsplan for økologisk produksjon og forbruk "Økonomisk, agronomisk – økologisk!" heiter det at økologisk produksjon skal prioriterast ved bruk av BU-midler.

For enkelte klart definerte og avgrensa administrative oppgåver av prosjektretta karakter kan det vere aktuelt å belasta BU-ordninga for kostnadane, t.d. informasjonstiltak. Inntil 1% av fylket sin BU-kvoteprosent kan nyttast til dekking av administrative kostnader av prosjektretta karakter. Innanfor denne ramma kan ein og dekkje kostnader Innovasjon Norge har til kvalitetssikring av landbruksbygg med offentleg finansiering og driftsutgifter knytt til Innovasjon Norge-styra, som t.d. reiseutgifter, møtegodtgjerdsløst og tapt arbeidsforteneste for styremedlemmane.

I samband med at det er utarbeidd ein ny modell for finansiering av administrasjons- og gjennomføringskostnader for alle oppdraga til Innovasjon Norge frå og med 2011, vert det overført 30 mill. kroner til Innovasjon Norge sentralt for å dekkje INs administrasjons- og gjennomføringskostnader med BU-ordninga.

Ordninga med regionale BU-midler i Oppland er forlenga ut 2011. Midlane forvalta av regionrådet i Nord-Gudbrandsdal og Valdres Natur- og Kulturpark. Rammene for regionane er tatt frå Oppland sine rammor ut frå erfaringstal og får ikkje konsekvensar for fordelinga til andre fylker.

I tillegg til kvotene for 2011, kan Innovasjon Norge og Fylkesmannen som tidlegare disponere ubrukte BU-midler frå 2010 til same føremål i 2011. Ubrukte BU-midler i 2011 kan overførast til same føremål i 2012.

Fylkesmannen skal fordele midlar til bedriftsretta tiltak til Innovasjon Norge gjennom eit eige tildelingsbrev. Delen midlar til bedriftsretta tiltak følgjer av jordbruksoppgjeret. Tildeling av BU-midler skal skje med utgangspunkt i godkjent regional strategi for næringsutvikling.

Fylkesmannen er bedt om å ta ein gjennomgang av opphøyrt ordningar, som etablerarstipend til kvinner og generelt, samt opplæring i pelsdyroppdrett, med tanke på oppgjer av ansvar.

Maksimal sats for rentestøtte vidareførast på 4%.

Fylkesmannen og Innovasjon Norge må vere særskilt merksame på at alle tildelingar som omfattast av statsstøttereguleringa, skjer i tråd med dette.

Det er gjort følgende fylkesvise fordeling for 2011 (mill. kroner):

Fylke	BU-tilskot 2011	Andel bedriftsretta midlar	Andel utviklings- og tilretteleggingsmidlar	Låneramme som grunnlag for rentestøtte 2011
Østfold	16,90	14,62	2,28	37,1
Akershus	14,97	12,95	2,02	29,9
Hedmark	31,39	27,15	4,24	76,9
Oppland	21,68	18,76	2,93	52,1
-Valdres	6,23	5,39	0,84	14,4
-N.Gudbrandsdal	8,39	7,26	1,13	18,9
Buskerud	20,01	17,31	2,70	43,9
Vestfold	13,42	11,61	1,81	30,6
Telemark	16,53	14,30	2,23	32,0
Aust-Agder	12,35	10,68	1,67	24,1
Vest-Agder	14,38	12,44	1,94	28,1
Rogaland	35,57	30,77	4,80	67,4
Hordaland	26,84	23,22	3,62	58,0
Sogn og Fjordane	35,57	30,77	4,80	82,6
Møre og Romsdal	32,71	28,29	4,42	76,4
Sør-Trøndelag	30,91	26,74	4,17	68,0
Nord-Trøndelag	38,58	33,37	5,21	95,6
Nordland	31,76	27,47	4,29	72,0
Troms	21,45	18,55	2,90	54,0
Finnmark	14,86	12,85	2,01	38,0
SUM	444,5	384,5	60	1000,0

BU-midla er fordelt etter same prosentvise fordeling som føregåande år.

Fordelinga av låneramme som grunnlag for rentestøtte for 2011 er også gjort med utgangspunkt i same prosentvise fordeling som for 2010.

Omfordeling av ubrukte rammer for rentestøtte

Ved årsskifte vart det gjort ein gjennomgang av ubrukte rammer for rentestøtte i fylka. På bakgrunn av at nokre fylker hadde stort omfang av udisponerte midlar til disposisjon, medan andre hadde vesentleg mindre midlar tilgjengeleg, er det gjort følgjande omfordeling mellom fylka;

- Østfold, Akershus, Oppland, Vestfold, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Nordland vil alle få tilført 3 mill. kroner ekstra i rentestøtte.
- Nord-Gudbrandsdalen vert tilført 5 mill. kroner ekstra i rentestøtte.
- Valdres vert tilført 2 mill. kroner ekstra i rentestøtte.
- Hedmark og Hordaland vert tilført 10 mill. kroner ekstra i rentestøtte.
- Møre og Romsdal vert tilført 13 mill. kroner ekstra i rentestøtte.
- Disponibel ramme for Nord-Trøndelag vert ståande uendra.
- Buskerud vert trekt 10 mill. kroner av disponibel ramme.

- Troms vert trekt 30 mill. kroner av disponibel ramme.
- Finnmark vert trekt 40 mill. kroner av disponibel ramme.

Vi ber Innovasjon Norge sentralt om å setja i verk denne omfordeliga. I løpet av 2011 vil det òg bli gjort ein ny gjennomgang av ubrukte rammer for rentestøtte i fylka, der det kan bli gjort ny omfordeling på bakgrunn av forbruk og behov, dersom det viser seg å vere stort omfang av unytta rammer i enkelte fylker. LMD ber i samband med dette om ein rapport over og vurdering av forbruk og vidare behov for midlar frå fylka innan 1. juni 2011.

2.1 Sakshandsaming og utbetaling av BU-midla

I handsaminga av BU-saker hos Fylkesmannen skal sakshandsamarsystemet utvikla for forvaltning av BU-midlar, tilskotstype 371, nyttast. Kostnader ved fylkesmennes arbeid med BU-ordninga skal dekkjast over det ordinære driftsbudsjettet.

Utbetaling

Tilskot gitt av Fylkesmannen i medhald av forskrift om midlar til bygdeutvikling skal utbetalast av Statens landbruksforvaltning. Tilskot gitt av Innovasjon Norge utbetalast av Innovasjon Norge etter nærmare avtale med Statens landbruksforvaltning.

2.2 Rapportering

Fylkesmannen skal innan 15. januar 2012 lage ein kortfatta kommentar til forbrukstal/utviklingstrekk i 2011 for utgreiings- og tilretteleggingsmidlane, dersom desse avviker frå normalen. Kommentaren skal sendast til Landbruks- og matdepartementet, med kopi til Innovasjon Norges hovudkontor.

Innovasjon Norge sine distriktskontor skal innan 1. februar 2012 sende rapport om bruken av dei bedriftsretta BU-midla i 2011 til Fylkesmannen. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken i forhold til regional strategi for næringsutvikling. Innovasjon Norges hovudkontor skal innan same frist sende fullstendig talrapport om bruken av fylkesvise BU-midlar i 2011 (både bedriftsretta og tilretteleggjande midlar) til Landbruks- og matdepartementet.

Fylkesmannen skal innan 28. februar 2012 (Fylkesmannens årsrapport) sende ein rapport over bruken av BU-midla i 2011 til Landbruks- og matdepartementet, med kopi til Innovasjon Norges hovudkontor og til Innovasjon Norges distriktskontor i det aktuelle fylke. Rapporten skal innehalde ei vurdering av bruken av BU-midla i forhold til vedtekne mål og strategiar. Mål- og resultatrapporteringssystemet til Innovasjon Norge vert lagt til grunn for rapportering knytt til dei midlane Innovasjon Norge forvaltar. Fylkesmannen rapporterer på måloppnåing knytt til dei midlane Fylkesmannen forvaltar, i tråd med føringane i tildelingsbrevet til Fylkesmannen og dette rundskrivet for BU-midla.

Innovasjon Norges hovudkontor skal innan 16. mars 2012 utarbeide den nasjonale årsrapporten om bruken av fylkesvise BU-midlar i 2011 til Landbruks- og matdepartementet. Rapporten skal ha same struktur som tidlegare år med mindre noko anna vert avtalt.

Innovasjon Norge samt prøveordningsregionane, bes innan 1.juni 2011 sende ein rapport over bruk av rentestøttemidlane, samt ei vurdering av forbruk og vidare behov for låneramme i 2011, som skal danne grunnlag for ei eventuell omfordeling av låneramma.

3 FRUKT- OG BÆRPRODUKSJON – REISELIV – KULTURLANDSKAP I FYLKA HORDALAND, SOGN OG FJORDANE, ROGALAND OG MØRE OG ROMSDAL

I jordbruksoppgjæret 2008 vart det semje om å etablere ei satsing for frukt- og bærproduksjon, kulturlandskap og reiseliv på Vestlandet. Det vart løyvd til saman 10 mill. kroner fordelt over perioden 2008 - 2012.

For nærmare detaljar kring satsinga syner vi til rundskriv M-1/2008.

For 2011 er det løyvd 2 mill. kroner til satsinga. Det er ein føresetnad at dei regionale samarbeidspartane som deltek i prosjektet bidreg med eigenfinansiering som til saman tilsvarar 50 % av løyvinga over jordbruksavtala, dvs. at eigenfinansieringa vil dekkje 33 % av samla kostnader.

Midla skal i hovudsak gå til tiltak som blir iverksett i prosjektet. For å sikre ei god styring, er det opning for at inntil 10 % av løyvinga over jordbruksavtala kan nyttast til prosjektleiing.

Utbetaling og rapportering

Saturn skal nyttast for utbetaling av midlane i 2011.

Forskriftstype	620	Utviklingsprogram for frukt og grønt
Heimelsnr.	1	Satsing på frukt og bær etc. på Vestlandet

Fylkesmannen skal rapportere på bruken av midla for 2011 i Fylkesmannens årsrapport.

4 MAT LANGS NASJONALE TURISTVEGAR

I jordbruksoppgjæret 2009 vart det sett i gang eit treårig prosjekt kalla *Mat langs nasjonale turistveier* med ei total ramme på 6 mill. kroner for perioden 2010-2012. Målet er å auke landbruksbasert næringsutvikling innanfor mat, reiseliv og opplevingar langs turistvegane. Satsinga omhandlar fem nasjonale turistvegar med utgangspunkt i Nord-Gudbrandsdalen.

Prosjektet er etablert med ei nasjonal styringsgruppe. Samarbeidet med Statens vegvesen og dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane vidareførast med 2 mill. kroner i 2011. Fylkesmannen i Oppland er ansvarleg for tildeling av midlar etter søknad frå prosjekt. Inntil 10 % av midlane kan nyttast til prosjektleiing/administrasjon.

Utbetaling og rapportering

Saturn skal nyttast for utbetaling av midla i 2011.

Forskriftstype	495	
Heimelsnr.	1	Mat langs Nasjonale turistveier

Fylkesmannen skal rapportere på bruken av midla for 2011 i Fylkesmannens årsrapport.

5 MIDLAR TIL OPPFØLGING AV TILTAK I REGIONALE HANDLINGSPROGRAM FOR ØKOLOGISK LANDBRUK

Med Regjeringa si målsetting om at 15 prosent av matproduksjon og –forbruk skal vere økologisk innan 2020 er det behov for eit aktivt regionalt utviklingsarbeid. LMDs handlingsplan ”Økonomisk, agronomisk – økologisk!” legg strategiar, vegval og tiltak for å nå målet. Satsinga på økologisk landbruk må inkluderast i-, og gjerast til ein del av det generelle næringsutviklingsarbeidet. Det vert også lagt vekt på regional utvikling gjennom satsinga på føregangsfylke for økologisk produksjon. I 2010 tok SLF ein gjennomgang av midlane til dei regionale handlingsplanane. Innretninga og oppfølginga av handlingsplanane vurderast som effektiv. Det anbefalast at fylker som kan vise til målretta arbeid vert tildelt midlar.

Ved tildeling av prosjektmidlar må Fylkesmannen syte for koordinering opp mot dei prosjekta som får støtte frå SLF for å unngå dobbeltarbeid. Det er også viktig at Fylkesmannen definerer eigne økologiske satsingsområde sett i lys av det arbeidet som vert gjort i andre fylker.

Det er gjort følgjande fylkesvise fordeling av midla for 2011:

Fylke	Løyving i kr
Østfold	425 000
Akershus	425 000
Hedmark	425 000
Oppland	400 000
Buskerud	425 000
Vestfold	425 000
Telemark	425 000
Aust-Agder	250 000
Vest-Agder	250 000
Rogaland	425 000
Hordaland	450 000
Sogn og Fjordane	425 000
Møre og Romsdal	400 000
Sør-Trøndelag	425 000
Nord-Trøndelag	425 000
Nordland	350 000
Troms	325 000
Finnmark	325 000
SUM	7 000 000

Utbetaling og rapportering

Saturn skal nyttast for utbetaling av midla i 2011.

Forskriftstype	208	Info midlar miljøtiltak
Heimelsnr.	3	Handlingsplanar økologisk landbruk


Fylkesmannen skal innan 1. mars 2012 sende rapport til Statens landbruksforvaltning om bruken av midlar til oppfølging av tiltak i regionale handlingsprogram for økologisk landbruk i 2011.

6 FELLES FOR ALLE VERKEMIDLA

For å få ein mest mogleg effektiv og målretta utnytting av verkemidla, er det avgjerande at det er godt samarbeid mellom dei ulike deltakarane i det regionale partnerskapet. Sidan ansvaret for forvaltninga er lagt til ulike organisasjonar, er det påkravd med god kommunikasjon, og alle involverte partar må bidra til dette.

Med helsing


Anne Marie Glosli e.f
avdelingsdirektør


Siri Lothe
rådgjevar

Kopi: Norges Bondelag
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norges Skogeierforbund
 Nærings- og handelsdepartementet
 Kommunal- og regionaldepartementet